



Sissel-Anny Hjelmtveit  
Seimstranda 267  
5912 SEIM

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/5213 - 14/16221

Saksbehandlar:

Nina Bakanova

Nina.Bakanova@lindas.kommune.no

Dato:

01.07.2014

## Manglar i sak - etablering av tilbygg og utviding av rom - Gbnr 174/6 Totland

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 12.06.2014.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Tiltaket skal oppførast på tomte som er eigast av Arnulf Hjelmtveit. Det må sendast inn fullmakt som gir Sissel-Anny Hjelmtveit rett til å søke på vegne av heimelshavar.
2. Så vidt vi kan sjå tiltaket forårsakar endring av føremål av eksisterande bygg, sidan det skal etablerast toalett, hobbyrom og spisestove. Det må sendast inn søknad om bruksendring frå garasje til bygg med planlagt føremål.
3. Administrasjonen ber om ein tilbakemelding på om det skal installerast vatn og avlaup i bygget. Dersom det skal det, må det søkjast om knyting til offentleg vatn- og avlaup anlegg (dersom det er i områder), evt. må det dokumenterast kor vatnforsyningen kjem frå og det må søkjast om utsleppsløyve etter forurensingslova viss det er utslepp frå toalettet.
4. Tiltaket ligg i uregulert område som i kommuneplanen av 2011 er avsett til LNF føremål. Tiltaket er i strid med arealføremål i kommuneplan. Det må anten søkjast dispensasjon frå pbl. § 11-6 (rettsverknad av kommuneplanens arealdel) eller det må stadfestast at gardsbruk er i drift. Dispensasjonssøknad må grunngjevast og nabovarslast på nytt.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 29.07.2014. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1). Søknaden er ikkje fullstendig i samsvar med pbl. §21-2 og byggesak kapittel 5. Reglar om fristar for sakshandsaming gjeld ikkje i dette høve då søknaden ikkje er fullstendig.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



Med helsing

Nina Bakanova  
sekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Sissel-Anny Hjelmtveit

Seimstranda 267 5912

SEIM